

**Radøy idrettsråd**  
5938 Sæbøvågen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

***Uttale vedk. nytt golv i Radøyhallen***

Viser til tilsendt notat vedk. saka.

Radøy idrettsråd har teke ein kort runde om saka pr. telefon og vil basert på dette innstilla på at ein vel den første av dei skisserte løysingane, rehabilitering av eksisterande golv.

Me har snakka med blant anna fotballklubben og volleyballgruppa, som er to av dei største brukargruppene. Begge desse meiner at det vil vera ein fullgod løysning. Radøy idrettsråd ser ikkje noko grunn til å imøtegå det.

Me meiner at me bør få betre tid på oss når me skal uttala oss i saker som gjeld idretten, og vil difor leggja til følgjande: Rir ynskjer å få lengre saksbehandlingstid for "uttale" i framtida.

Austmarka, 11.02.2015

for Radøy idrettsråd

Jostein Borlaug  
nestleiar/sekretær

Bjørn Ove Myking (s)  
Leiar